



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
068/21	Utval for samfunn, kultur og næring	16.06.2021

**Uttale til planprogram for Regional plan for klima 2022-2035**

**Vedtak i Utval for samfunn, kultur og næring 16.06.2021:**

Sunnfjord kommune viser til høring av planprogram for Regional plan for klima 2022-2035, og har følgjande innspel:

Den regionale klimaplanen må synleggjere korleis Vestlandet kan lukkast med nullutslepp i jordbruket og vegtrafikken innan 2030.

Planen må og omtale viktige dilemma innanfor energiforsyning vs. naturverdi, og verdien av berekraftig skogbruk og klimapositiv arealbruk.

Sunnfjord kommune er oppteken av å oppretthalde og auke jordbruksproduksjonen basert på lokale ressursar. Det er såleis viktig at tiltak for å redusere utslepp frå jordbruket ikkje skal skje gjennom redusert produksjon, men gjennom betre utnytting av innmarks- og utmarksressursane, betre produksjonsmetodar og eventuelt omlegging til andre jordbruksvekstar.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Sunnfjord kommune viser til høring av planprogram for Regional plan for klima 2022-2035, og har følgjande innspel:

Den regionale klimaplanen må synleggjere korleis Vestlandet kan lukkast med nullutslepp i jordbruket og vegtrafikken innan 2030.

Planen må og omtale viktige dilemma innanfor energiforsyning vs. naturverdi, og verdien av berekraftig skogbruk og klimapositiv arealbruk.

Sunnfjord kommune er oppteken av å oppretthalde og auke jordbruksproduksjonen basert på lokale ressursar. Det er såleis viktig at tiltak for å redusere utslepp frå jordbruket ikkje skal skje gjennom redusert produksjon, men gjennom betre utnytting av innmarks- og utmarksressursane, betre produksjonsmetodar og eventuelt omlegging til andre jordbruksvekstar.

## Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune har starta arbeidet med å lage ein regional plan for klima. Fylkesutvalet vedtok 20. april 2021 å sende framlegg til planprogram for Regional plan for klima 2022-2035 på høyring og offentleg ettersyn etter plan- og bygningslova § 4-1. I høyringsbrevet ber fylkeskommunen om innspel frå kommunane på kva planen bør innehalde.

Høyringsfrist er 18. juni 2021.

Kommunedirektøren viser til vedlagt høyringsdokument.

## Saksutgreiing

Vestland fylkeskommune vil arbeide med klimaomstilling som ei samfunnsending der vi både reduserer klimagassutsleppa, klimatilpassar oss, og sikrar naturmangfaldet. For å følgje opp desse hovudområda har dei peika ut 5 hovudtema:

- Fjerne direkte utslepp frå Vestland med mål om nullutslepp i 2030
- Trygt og robust Vestland
- Sikre naturmangfaldet
- Redusere klimafotavtrykket til Vestlandssamfunnet
- Klimarettferd og folkehelse

Fylkeskommunen ber om tilbakemelding på val av plantema, og om kva tema som er viktigast å prioritere.

Fylkeskommunen ønskjer også innspel på viktige problemstillingar innan kvart tema og medverknad i planarbeidet.

## Vurdering

Hovudområda og plantema i planprogrammet er i stor grad dei same som Sunnfjord kommune har i sin klimaomstillingsplan 2019-2030. Både klimatilpassing, naturmangfald, direkte og indirekte utslepp er viktige satsingsområde i vår kommune. Spanande at fylkeskommunen i tillegg set fokus på klimarettferd og folkehelse.

Kommunedirektøren har følgjande innspel til plantema:

### Direkte utslepp frå jordbruket:

Jordbruket står for ein liten del av dei direkte utsleppa i Vestland, men ein stor del av utsleppa i Sunnfjord kommune. Eit mål om nullutslepp i 2030 vil vere ei svært stor utfordring. I 2019 inngjekk regjeringa, Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag ein intensjonsavtale om å redusere klimagassutslepp og auke opptak av karbon frå jordbruket. Avtalen peikar på åtte hovudsatsingsområde som samla skal bidra å redusere utsleppa med 4-6 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i perioden 2021-2030. Klimaavtalen legg føringar for kor mykje kommunane kan forvente av kutt i jordbruket. Dei totale norske klimagassutsleppa frå jordbruket var rundt 4,5 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i 2018. Og i følgje Klimakur 2030 vil dette halde seg relativt stabilt dei neste åra. Landbruket sin klimaavtale vil utgjere rundt 10 % utsleppskutt i perioden fram til 2030, dersom ein lukkast med alle tiltaka. Dette vil vere eit relativt lite bidrag til dei samla utsleppskutta. Den regionale klimaplanen må synleggjere korleis det vil vere realistisk med null utslepp i jordbruket i 2030. Det vil vere til stor nytte for landbrukskommunane på Vestlandet.

Sunnfjord kommune er oppteken av å oppretthalde og auke jordbruksproduksjonen

basert på lokale ressursar. Det er såleis viktig at tiltak for å redusere utslepp frå jordbruket ikkje skal skje gjennom redusert produksjon, men gjennom betre utnytting av innmarks- og utmarksressursane, betre produksjonsmetodar og eventuelt omlegging til andre jordbruksvekstar.

#### Direkte utslepp frå vegtrafikk:

Sunnfjord kommune vil med utgangspunkt i klimaomstillingsplanen gjennomføre ei rekke tiltak for å redusere utsleppa frå vegtrafikk i størst mogleg grad fram mot 2030. Særleg innanfor korte reiser og personbiltrafikk er det eit stort potensial for meir klimavenleg og aktiv transport. Kommunen er i gang med å utarbeide ein mobilitetsstrategi som skal legge føringar for mellom anna areal- og transportplanlegging i kommunen. Kollektivtilbodet har eit stort forbetningspotensial, særleg for barn og ungdom, eldre og pendlarar, både i byen Førde, og mellom tettstadane i kommunen. Fylkeskommunen sin rolle som vegeigar og leverandør av kollektivtransport har stor innverknad på kva kommunen kan lukkast med av tiltak. Den regionale klimaplanen må synleggjere korleis også kommunane utanfor Bergensregionen kan lukkast med kollektivtilbod og satsing på reduserte utslepp frå vegtrafikken.

#### Energiforsyning:

Sunnfjord kommune skal utarbeide ein kommuneplan som tek omsyn til måla i klimaomstillingsplanen, som tek vare på verdifull natur og samtidig sikrar ei positiv utvikling av kommunen. Dette kan by på nokre dilemma med regionale perspektiv:

- Vindkraft og fornybar energi vs. verdifulle fjellområde
- Verna vassdrag vs. utbygging av fornybar energi frå vatn og vind
- Verna vassdrag vs. klimatilpassing og flaumdempande tiltak

Det blir svært viktig at den regionale klimaplanen har ei sterk kopling med den regionale planen for fornybar energi som skal utarbeidast, og at slike dilemma blir drøfta. Den regionale vassforvaltningsplanen bør og samordnast med klimaplanen.

#### Skog og annan arealbruk:

Skogbruket og annan arealbruk bør få stor plass i den regionale klimaplanen. Både produksjonsareal i skogbruket og andre utmarksareal har eit stort potensial for karbonbinding. Samtidig er mykje av utmarka verdifull for naturmangfaldet. Fylkeskommunen kan bidra til ein regional klima- og arealpolitikk som både bygger opp under berekraftig skogbruk og klimapositiv arealbruk.

Kommunedirektøren har elles ingen merknader til planprogrammet og tilrår at Sunnfjord kommune spelar inn dei moment som er drøfta ovanfor.

Førde, den 02.06.2021

Ole John Østenstad  
kommunedirektør

Joar Helgheim  
einingsleiar landbruk og miljø

---

## **Behandling i folkevalde organ:**

### **Behandling i Utval for samfunn, kultur og næring 16.06.2021:**

#### **Avrøysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart **samrøystes vedteke**

#### **USKN-068/21 Vedtak:**

Sunnfjord kommune viser til høyring av planprogram for Regional plan for klima 2022-2035, og har følgjande innspel:

Den regionale klimaplanen må synleggjere korleis Vestlandet kan lukkast med nullutslepp i jordbruket og vegtrafikken innan 2030.

Planen må og omtale viktige dilemma innanfor energiforsyning vs. naturverdi, og verdien av berekraftig skogbruk og klimapositiv arealbruk.

Sunnfjord kommune er oppteken av å oppretthalde og auke jordbruksproduksjonen basert på lokale ressursar. Det er såleis viktig at tiltak for å redusere utslepp frå jordbruket ikkje skal skje gjennom redusert produksjon, men gjennom betre utnytting av innmarks- og utmarksressursane, betre produksjonsmetodar og eventuelt omlegging til andre jordbruksvekstar.

---

#### **Vedlegg i saka:**

Planprogram for regional plan for klima på høyring

Planprogram regional plan for klima - oppstartsvarsel og vedtak om utlegging av utkast til offentleg ettersyn.pdf

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021.pdf

Høyringsutkast planprogram - Regional plan for klima.pdf